

Referat frå styremøte Postpensjonistene i Sunnhordland 19.4.2021 hos Berit

Desse møtte: Eli, Gerd, Unn, Berit, Mikal og Kari.

På grunn av koronarestriksjonar og antall gjester vert ikkje alle varamedlemmer innkalt.

1. Berit leste referatet frå forrige styremøte 03.02.2021. Det vart godkjent.
2. Gjennomgang av årsmøte. På grunn av koronarestriksjonane måtte vi i år ta årsmøtet via mail til medlemmene. Vi fikk inn 22 stemmer. Dokumentasjon etter årsmøtet blei underskreve av styremedlemmene. Eli sender dei inn til Forbundet og til Brønnøysundregisteret.
3. Konstituering av styret. Styret fortsett som før med unntak av sekretær/nestleiar.
Leiar: Eli Roseth Eik

Styremedlemmer:	Kari Tysnes Kjos	Økonomiansvarleg
	Mikal Saltvik	
	Gerd Skålevik	
	Unn Sara Spissøy	Skrivar/nestleiar

Varamedlemmer:	Odd Egil Solberg
	Berit Bergsvåg

4. Mottatt post: Avdelingsblad på både papir og webmail. Oppmoding om å sende medlemsblad helst via link til heimesida. Datatips fra brukarstøtte. Påminning om underskrift på årsmelding m.m. Innsending av kontingent innan 1.5. Avvikling av årsmøtet. Ekstra innbetalingskort for PPF, begge typar. Støtte kr. 20.000,- fra Onkelfondet! Utmelding av 2 medlemmer. Jorunn Grindheim og Thor Bringedal.
5. Sendt post: Grand Hotel som kutta ut. Orientering om årsmøtet over nett, samt nye datoer for Hagerupshuset. Stemming til årsmøtet vedlagt alle dokument. Purring via sms om stemming årsmøtet.
6. Protokoller frå AU og Landsstyremøtet. Ingen frå Landsstyret. Nr. 1,2 og 3 fra AU. Info om at Landsstyremøtet eventuelt vert digitalt. Saka om sammanslåing av kretsane er lagt død.
7. Heimesida vår. Unn tar ansvar for den. Styret må gi henne innspill på hva som skal på heimesida. Forslag referat frå styremøte, Sunnhordland og andre ting som har interesse for medlemmene. Eli, Kari og Unn skal delta på eit digitalt kurs for lettare kunne bruke heimesida.
8. Kulturelt møte til hausten. Vi diskuterte hva vi kan tenke oss å gjøre utover høsten dersom smittevernsituasjonen tillater det. Tur med innhold til Halsnøy var eit forslag. Håheim gård er og eit alternativ.
9. Landsmøtet 7 – 8 juni på Lillestrøm, Scandic Hotell. Eli reiser, Unn er vararepresentant. Alle sakspapira ligg under dokument på Postens Pensjonistforbund, m.a. forslag til endra vedtekter.
10. Neste styremøte onsdag 9.6. 21.
11. Ymse. Ingen saker.

Berit Bergsvåg

